

## **DETALJREGULERINGSPLAN for Laukhammar – gnr. 163 bnr. 1 m.fl.**

Reguleringsføresegner

PlanID 4616\_202203

### **1. SIKTEMÅLET MED PLANEN**

Føremålet med planen er å vidareutvikle og fortette eksisterande fritidsbustad- og naustområde på Laukhammar, for å leggje til rette for nye generasjonar på eignedomane.

#### **§ 1.1 Areal i plankartet er regulert til følgjande føremål**

##### **Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5, 2. ledd nr. 1)**

- FBF Fritidsbusetnad – frittliggjande (1121)
- SMB Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande vassdrag (1587)
- UNB Naust (1589)

##### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, 2. ledd nr. 2)**

- KV Køyreveg (2011)
- AVG Annan veggrunn – grøntareal (2019)
- KAI Kai (2041)
- PP Parkeringsplassar (2082)

##### **Grøntstruktur (pbl. § 12-5, 2. ledd nr. 3)**

- BG Blågrønstruktur (3002)
- TV Turveg (3031)
- BAD Badeplass/-område (3041)

##### **Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl. § 12-5, 2. ledd nr. 6)**

- VBAD Badeområde (6770)
- VK Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (6800), som her kombinerer føremåla: Ferdslø (6100), Fiske (6300), Natur (6600), Friluftsområde (6700) og Bøyehamn (6240)

##### **Omsynssoner (pbl. § 12-6, 1. ledd)**

- H140 Frisiktsone

##### **Føresegnområder (pbl. § 12-7)**

- #10\_1 Krav om særskilt rekkefølge for gjennomføring av tiltak (10) - Føresegnområde kulturminne

### **2. FELLES FØRESEGNER**

#### **§ 2.1 Generelle føresegner**

§ 2.1.1 Innanfor planområdet er det tillate å etablere parkeringsplassar, interne vegar, avkøyrslar og andre tekniske installasjonar som høyrer til arealføremåla, samt leggst leidningar i grunnen og i sjø for vatn, avløp, straum, telenett og liknande.

- § 2.1.2 Det er vidare høve til å etablera kommunaltekniske og andre tekniske anlegg, som nettstasjon, transformatorbokioskar, kabelskap, brannhydrantar, pumpestasjonar og anna utstyr som er naudsynt for å kunne oppretthalde god teknisk drift, uavhengig av arealføremål. Kablar skal i størst mogleg grad samordnast med andre tekniske anlegg.
- § 2.1.3 Anlegg i bakken kan ikkje, utan særskilt avtale med anleggseigar og kommune, overbyggast med anlegg og bygningar som gjer det vanskeleg med vedlikehald o.l. Der anlegg i bakken ikkje er overdekkta av teknisk infrastruktur skal traséen revegeterast.
- § 2.1.4 Byggjegranser er synt i plankartet. Der byggjegransa ikkje er synleg går den i føremålsgrensa. Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegranser, medan grøfter, terrenghandsaming, støttemurar, parkeringsplassar, avkøyrslar, leidningar, m.v. kan plasserast utanfor byggjegransene. Areal utanfor byggjegranser og anna uteareal som ikkje skal byggjast på, skal så langt mogleg bestå av vegetasjon eller plantast til mot. overvatn og naturmangfald. Mindre bygg som t.d. uthus kan plasserast utanfor byggjegransa, men ikkje nærare eigedomsgrense enn 1 meter, i frisisiktone H140 eller utanfor byggjegransa mot sjø.

## § 2.2 **Krav til søknad**

- § 2.2.1 Ved søknad om nye *samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur*, medrekna VVA-anlegg, parkeringsplassar og andre samordna tekniske installasjonar mv., skal følgjande vera vedlagt:
- Teknisk plan for VA, inkl. dokumentasjon for sløkkevatn (sjø)
  - Lengdeprofil for veg, normalprofil
  - Nødvendige detaljteikningar for kryss, murar eller anna dokumentasjon naudsynt for handsaming av den aktuelle byggesaka. Ved behov kan kommunen også krevje detaljerte snitt-teikningar og tverrprofil.
- § 2.2.2 Ved søknad om nye *bygningar og anlegg* skal det i målsett situasjonsplan i høveleg målestokk, på ein tydlig måte, vise:
- Bygningar og anlegg si plassering og utforming
  - Køyreveg og tilkomst/avkøyrslar
  - Gangareal
  - Parkeringsplassar
  - Terrengsnitt som syner eksisterande og nytt terreng, samt tiltaket/bygningar si plassering i nytt terreng. Snittet skal òg syne naboeigedomar, handsaming av skjeringar og markering av kva som skal takast vare på av dagens naturmark, berg, trær, nye plantingar m.m.
  - Gjerde, støttemurar, trapper, rampar
  - Fasadeoppriss og snitt på nye bygningar

## § 2.3 **Teknisk plan**

- § 2.3.1 Det er krav om teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn i samband med byggjemelding av tekniske anlegg. Løysing for vatn og avløp skal synast i teknisk plan, i samsvar med overordna VA-rammeplan. Teknisk plan skal, der det er relevant, syne løysing for veg, parkering, avkøyrslar, mur, rekkverk, belysning, møteplassar, overvasshandtering, samt vatn og avløp. Overvatn skal gå i terreng. Det skal fokuserast på tilstrekkeleg overvasshandtering i planområdet, der overvassrøyr skal vera dimensjonert for auka ekstremnedbør i framtida.
- § 2.3.2 Teknisk plan skal òg syne plassering av tekniske bygg som transformatorbokioskar, kabelskap og andre tekniske bygg. Tiltaka kan plasserast uavhengig av arealføremål innanfor planområdet i samsvar med teknisk plan. Anlegga skal sikrast ei god arkitektonisk utforming.
- § 2.3.3 Teknisk plan skal syne løysing for kringliggande område der dette er utarbeidd, og kommunen avgjer naudsynt avgrensing av planen. Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for nye byggeområde som det er naturleg å sjå i samanheng.

## § 2.4 **Universell utforming**

Prinsipp om universell utforming skal leggjast til grunn for utforming av uteareal og tilkomst-soner, jf. gjeldande teknisk forskrift. Unnateke er turveg TV1-TV2 som i størst mogleg grad skal opparbeidast i tråd med naturleg landskap og terreng.

## § 2.5 **Støy**

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 er gjeldande for tiltak i planområdet.

## § 2.6 **Kulturminne**

§ 2.6.1 Det kan vera ukjente fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne, som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Fylkeskonservatoren i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingsstyresmakt har vurdert funnet, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

§ 2.6.2 Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens sjøfartsmuseum/Museum Vest dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Ev. brot på desse vilkåra vil vera i strid med føresegnene i kulturminnelova.

## § 2.7 **Terrenginngrep**

§ 2.7.1 Alle terrenginngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Det skal formast nytt terreng som saman med tilgrensande område skapar ein ny heilskap. Overgangssoner mellom planert areal og tilgrensande område skal tilpassast terrenget og gjevast ei tiltalende utforming. Murar og skjeringar som overstig 1,5 meters høgde må avtrappast og handsamast på særskilt estetisk vis. Skrentar og fyllingar skal revegeterast og plantast til der det er mogleg, jf. § 2.8.

§ 2.7.2 Nye bygningar skal ha ei plassering og utforming som spelar på lag med terrenget, og terrenginngrep skal avgrensast til det som er naudsynt for ein hensiktsmessig plassering av bygningen ut i frå bruksområdet.

## § 2.8 **Vegetasjon**

§ 2.8.1 Naudsynt rydding av vegetasjon kan gjennomførast for å kunne gjennomføre tiltak innanfor utbyggingsområda, men større tre og anna verdifull vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.

§ 2.8.2 Fyllingar skal tilsåast/revegeterast og terreng skal tilplantast med vegetasjon som er naturleg i området. Ved tilplanting/revegetering i planområdet skal det ikkje nyttast framande artar kategorisert i dei to øvste risikokategoriene i norsk framandartsliste. Tilførte massar må vere reine og fri for framande skadlege plantar.

§ 2.8.3 Dersom det vert oppdaga framande artar som vurderast som høgrisikoartar etter anlegg er ferdig, må desse bekjempast/fjernast. Massar i frå planområdet som inneheld levande planterestar i frå framande artar, bør fortrinnsvis brukast innanfor planområdet, som botnmassar under tette flater, og det skal leggjast duk over jordmassane for å avgrense spiringsevne.

## § 2.9 **Estetikk**

§ 2.9.1 Det skal leggjast vekt på god landskapstilpassing og stadeigen byggeskikk ved oppføring av nye bygningar og anlegg. Nybygg skal tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, samt tilgrensande bygg. Nye tiltak skal plasserast og utformast slik at den underordnar seg terrenget. Dersom nye bygningar og anlegg, på grunn av form, storleik, eller plassering ikkje let seg underordne landskapet, skal desse utformast slik at landskapet vert understreka. Det skal leggjast vekt på miljømessige kvalitetar i val av material, vegetasjon og belysning.

§ 2.9.2 Nye bygningar skal utvendig ha naturfarge, men på listverk og karmtre kan det nyttast kontrastfargar. Unnataket er i FBF1 og FBF2 der nye bygg kan vera kvite for å harmonere med eksisterande busetnad. Nye bygningar som er samanbygde eller består av fleire einingar, skal ha ein samstemt materialbruk på tak og veggjar, men for å unngå for mange like einingar, skal bygningane varierast i farge og materialbruk.

§ 2.9.3 Ubygd del av tomta skal gjevast ei tiltalende utforming, med gode dekkemateriale og vegetasjon.

## § 2.10 **Parkering**

§ 2.10.1 Det skal sikrast tilstrekkeleg parkering, samt utforming av desse, jf. krav sett i gjeldande byggteknisk forskrift.

## § 2.11 **Renovasjon**

Det skal etablerast renovasjonsløyisingar tilpassa tiltaka i områda. Løyising for renovasjon skal synast i samband med byggeløyve, jf. §§ 2.5 og 3.6.

## § 2.12 **Strandsona**

Det skal ikkje settast opp gjerde, skiljevoggar eller andre stengsel i strandsona og på kai som kan vera til hinder for ålmenta si ferdsel i desse områda, med unntak av naudsynte sikringstiltak eller av omsyn til beitande dyr.

### § 2.13 Tiltak i sjø

- § 2.13.1 Ved utbygging ved sjø skal det nyttast reine massar, og det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre ev. ureining til sjø i byggefasen. Ved utfylling i sjø skal det nyttast reine massar, og siltgardin eller tilsvarande i frå vassoverflata til sjøbotn, for å hindre at finpartikulært materiale vert spreidd.
- § 2.13.2 Tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast av hamnemynde. Tiltak som kaiar, flytebrygger, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve frå hamnemynde i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, jf. hamne- og farvasslova § 14.
- § 2.13.3 Kaiområde skal forsynast med livredningsutstyr og kaikantar sikrast. Leidningar i sjø skal leggst/festast slik at dei ikkje heftar fiskeutstyr eller er til hinder for ankring eller ferdsle. Tiltak i sjø skal ta omsyn til eksisterande leidningar i sjø.

### § 2.14 Lyssetting

Lys på området skal vera avgrensa til nødvendig veglys og lyssetting av uteopphaldsareal.

## 3. OMRÅDE FOR BYGNINGAR OG ANLEGG

### § 3.1 Fritidsbustader – frittliggjande (FBF1-6)

- § 3.1.1 Områda skal nyttast til frittliggjande fritidsbustader med tilhøyrande parkeringsplassar, uthus/garasje/-carport og uteopphaldsareal. Innanfor områda kan det førast opp totalt sju nye frittliggjande fritidsbustader, med areal inntil 130 m<sup>2</sup> BRA. Maksimal mønehøgde er 6,5 m målt frå gjennomsnittleg terreng, maksimalt to etasjar. I tillegg kan det førast opp uthus/garasje/carport på inntil 20 m<sup>2</sup> BYA, med maksimal mønehøgde 3 meter. Maksimal utnyttingsgrad %-BYA er sett til 35 %.
- § 3.1.2 Nye fritidsbustader skal disponere minst to biloppstillingsplassar kvar. Desse skal primært løysast internt på tomte og på felles parkeringsplass PP1.
- § 3.1.3 Utvendig kledning ska vera av tre. Grunnmur skal vera av naturstein (ev. forblenda med naturstein), eller bygg kan stå på pelar. Grunnmur/pelar skal vera så låg som mogeleg. Tak skal tekkjast med skifter, uglaserte teglpanner eller bord. Uthus/garasje/carport skal tilpassast eksisterande hytte når det gjeld byggjestil og fargeval.
- § 3.1.4 Tomtene skal bevarast som naturtomter, der minst mogleg eksisterande vegetasjon skal fjernast i samband med oppføring av bygningar. Det er tillate med terrassar på bakken, tilpassa terreng. Store terrassar med rekkverk som skapar ei dominerande visuell verknad er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å gjerde inn tomtene, eller plante til grenser med hekkar o.l. Unntaket er dersom tilgrensande eigedomar har beitande dyr.

### § 3.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (SMB1-3)

- § 3.2.1 Innanfor føremålet kan det etablerast brygge/kai og flytebryggjer med landgang og utriggarar. Brygge/kai skal vera opne for ålmenn ferdsle til fots. Breidde skal maks vera 3 meter, og høgde minimum kote +1,5. Bryggefront skal vere kledd med treverk og vera av same utforming/materiale innanfor same område. Brygge/kai skal fortrinnsvis etablerast på pelar, og bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold kan kaiane/bryggene etablerast på fylling. Fylling/fyllingsfot skal ikkje hindre tilflot til kringliggjande kaiar/brygger.
- § 3.2.2 Det skal leggjast til rette for maks. to båtplassar per naust. Nye flytebrygger skal maks vere 15 m<sup>2</sup> og ha maks 2,5 meter breidde. Lengda på uteliggjarar er regulert av føremålsgrensene. Flytebryggene skal ikkje hindre fri ferdsel til, eller fortøyning av båtar, for tilgrensande eigedomar (tilflot) eller badestrand VBAD1. Anker og ankerstreng kan gå ut over arealføremålet, men skal ikkje hindre fri ferdsle i tilstøytane arealføremål VK1 eller hindre badeaktivitet i VBAD1.
- § 3.2.3 Allereie etablerte kaiar, brygger og flytebrygger kan vidareførast, og vedlikehald av desse er tillate. Naudsynte tiltak som går på vedlikehald og oppgradering skal skje utan store, irreversible terrenginngrep.
- § 3.2.4 Småbåtanlegga skal vera til felles bruk for nausteiningane knytt til småbåtanlegget. SMB1 er til felles bruk for FBF3 og UNB1. SMB2 er til bruk for UNB3. SMB3 er til felles bruk for UNB4 og f\_UNB5.
- § 3.2.5 Det er ikkje krav til dokumentasjon av parkering til småbåtanlegga (SMB1-3) så lenge desse er tilknytt fritidsbustadar og naust i planområdet.

### § 3.3 **Naust (UNB1-4, f\_UNB5)**

- § 3.3.1 Innanfor naustområde UNB1-4, f\_UNB5 er det tillate å etablere naust/sjøbod og kai-/bryggjeanlegg. Naust er definert som eit uthus; ein bygning i strandsona for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskapar. Naust skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidsbustad eller bustad. Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/naustgrupper. Innanfor føremålet kan det byggjast åtte nye nausteiningar, fordelt slik;
- UNB1: 1 eksisterande naust, 1 ny sjøbod
  - UNB2: 1 ny nausteining
  - UNB3: 1 eksisterande naust
  - UNB4: 1 eksisterande naust, 1 ny nausteining
  - f\_UNB5: 6 nye nausteiningar i fellesnaust
- § 3.3.2 Utforming skal vera i samsvar med byggeskikk for naust i området. Bygningane skal ha varierende høgde, storleik og form, der fleire mindre nausteiningar kan plasserast i éin bygningskropp (f\_UNB5).
- § 3.3.3 Naust skal vera maks. 40 m<sup>2</sup> BRA, og sjøbod maks 20 m<sup>2</sup> BRA, ha saltak med takvinkel 35-45 grader, vera maks. 1 etasje og ha maks. mønehøgde 5 meter over lågaste terreng under bygget. Fellesnaust i f\_UNB5 kan vera maks 150 m<sup>2</sup>, der kvar eining kan maks vera 25 m<sup>2</sup>. Einingane i fellesnaustet skal saksast og ha varierende høgde og form.
- § 3.3.4
- § 3.3.5 Takutstikk skal vera knappe, og det er ikkje tillate med takvindauge, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindauge. Vindauge kan ikkje vera større enn at gjennomsnittleg dagslysfaktor i rommet er maksimum 2% eller at rommets dagslysfate utgjør maksimum 10% av rommets golvareal.
- § 3.3.6 Naust/sjøbod skal plasserast med overkant golv i 1 etg. på minimum kote +1,7 for å hindre skader på byggverk ved stormflo o.l. Minimum planeringshøgde er difor sett til kote +1,5.
- § 3.3.7 Naust/sjøbod og tilhøyrande anlegg og aktivitetar skal ikkje hindre fri ferdsel i strandsona. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i naustområda, og det er ikkje tillate med rekkverk, levegg, grillhus, annekst eller uthus.

## 4. **SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### § 4.1 **Køyreveg (KV1-2)**

- § 4.1.1 Vegnett fastsett i planen skal opparbeidast i samsvar med denne. Vegbreidde går fram av plankartet. Alle vegar innanfor planområdet skal vera opne for ålmenta.
- § 4.1.2 KV1 er ny tilkomstveg til naust- og fritidsbustadområdet, med nytt kryss mot kommunal veg Skorpevegen. Her går i dag ein eldre tilkomstveg. Vegen skal vera køyresterk, grusa med eit grønt preg (isådd). KV2 er eksisterande grusa tilkomstveg til parkeringsplass PP2, med utbetra kryss mot Skorpevegen.

### § 4.2 **Annan veggrunn - grøntareal (o\_AVG1-3, AVG4-11)**

- § 4.2.1 Innanfor føremålet er det høve til å setje opp anlegg for tekniske innretningar som høyrer vegen til, som støttemurar, rekkverk, lyssetting og grøfter. Vidare kan arealet nyttast til snølagring, avkøyrslar, skrånningar, skjeringar, grøfter og overvasshandtering.
- § 4.2.2 Områda skal vera ordna/tilplanta for slik å kunne handtere avrenning i frå veg og overvatn frå planområdet. Arealet skal opparbeidast og haldast ved like for å sikre naudsynt kapasitet.
- § 4.2.3 Det kan leggjast til rette for vatn- og avløpssystem i o\_AVG1-3, AVG4-11.

### § 4.3 **Kai (KAI1)**

Kaien skal vera open for ålmenn ferdsle til fots. Breidde skal maks vera 3,0 meter, og høgde minimum kote +1,5. Front skal vere kledd med treverk og vera av same utforming/materiale innanfor same område. Kaien skal fortrinnsvis etablerast på pelar, og bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold kan kaien etablerast på fylling.

### § 4.4 **Parkeringsplassar (PP1-2)**

- § 4.4.1 Områda kan nyttast til parkering knytt til fritidsbustader og naust i planområdet. Ein kan leggje til rette lademoglegheit for ladbar motorvogn på parkeringsplassen.

- § 4.4.2 Innanfor arealføremålet skal det opparbeidast parkeringsplassar der grusa område går fram av plankartet. PP1 skal kunne nyttast som parkering for nye fritidsbustadar innanfor FBF2 og FBF5, samt UNB2-UNB4 og f\_UNB5.
- § 4.4.3 PP2 er eksisterande parkering for eksisterande fritidsbustader i området og for ålmenta.

## **5. GRØNTSTRUKTUR**

### **§ 5.1 Blågrønstruktur (BG1-8)**

- § 5.1.1 Innanfor føremålet skal eksisterande terrengform og vegetasjon takast vare på, og det ikkje tillate å føre opp bygningar. Areala skal vera opne for ålmenta.
- § 5.1.2 Vedlikehald og tilrettelegging av eksisterande stiar er tillate. Det er tillate med mindre murar/fyllingar i samband med etablering av turveg (TV2) i tilstøytane blågrønstruktur. Det skal ikkje gjerast større landskapsinngrep enn naudsynt. Det skal opparbeidast gode overgangar mellom naturleg vegetasjon og utfylt areal.
- § 5.1.3 Det kan leggast til rette for vatn- og avløpssystem i BG1-8.

### **§ 5.2 Turveg (TV1-2)**

- § 5.2.1 Turvegane skal vera køyresterke, grusa og isådd for eit grønt preg. Turvegane skal vera opne for ålmenta, og opne for køyring med ATV eller liknande køyretøy til naustområda og fritidsbustadområde FBF5 for av/på-lessing av utstyr.
- § 5.2.2 Turvegane skal tilpassast terreng og ein skal unngå store, irreversible inngrep i strandsona. Turvegane er ikkje universelt utforma grunna kupert terreng, men skal tilpassast terrenget for å tilstrebe universell utforming. Det er tillate med eit avvik i frå føremålsgrrensa på 0,5 meter.

### **§ 5.3 Badeplass-/område (BAD1)**

Innanfor føremålet kan det leggast til rette for badeaktivitetar, og tiltak som kan hindre eller øydeleggje for badeaktivitet er ikkje tillate. Området skal vera ope for ålmenn bruk.

## **6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE**

### **§ 6.1 Badeområde (VBAD1)**

Innanfor føremålet kan det leggast til rette for badeaktivitetar, og etter løyve etablerast badebrygger, stigar o.a. Tiltak som kan hindre eller øydeleggje for badeaktivitet er ikkje tillate. Området skal vera ope for ålmenn bruk. Det er tillate med anker og ankerstreng i frå SMB1, men desse skal ikkje hindre fri ferdsle.

### **§ 6.2 Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VK1)**

I området er følgjande arealføremål kombinert: Ferdslø (6100), Fiske (6300), Natur (6600), Friluftsområde (6700) og Bøyehamn (6240). Dei ulike arealbruksføremåla er likestilt. Området skal i hovudsak vera fri for faste installasjonar og aktivitetar som kan hindre dei ålmenne interessene som t.d. ferdsel, fiske, friluftsliv eller naturtilstand eller anna ambulerande bruk av områda. Tradisjonelt fiske og ferdsel er tillate.

## **7. OMSYNSSONER**

### **§ 7.1 Frisikt (H140)**

I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytane vegar sitt plan. For kryss der det ikkje er vist frisikt i plankartet gjeld veglova. Krav til sikkerheitssoner sett i Statens vegvesen si handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder må vera tilfredsstillt.

## **8. FØRESEGNOMRÅDE**

- § 8.1 Innanfor føresegnområde #10\_1 ligg det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagd etter kulturminnelova fram til Vestland fylkeskommune har gjeve dispensasjon i frå den automatiske fredinga.

## **9. REKKEFØLGJEKRAV**

- § 9.1 Det skal liggja føre godkjent teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn før det kan gjevast løyve til større tiltak innanfor området, som t.d. nye fritidsbustader eller naust.

- § 9.2 Det skal liggja føre utsleppsløyve for avløp, og «som bygd»-dokumentasjon for anlegget før bruksløyve for VA-anlegg kan gjevast.
- § 9.3 Tomter skal vera ferdig frådelte seinast ved igongsettingsløyve.
- § 9.4 Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for nye fritidsbustader, skal kryssløysing til Skorpevegen og veg KV1 vera etablert fram til den aktuelle tomta, og tomta vere tilknytt godkjent vass- og avlaupsanlegg.
- § 9.5 Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for nye naust og fritidsbustader må tilhøyrande avkøyrslar, siktsoner, tilkomstvegar, parkeringsplassar og turvegar til den aktuelle tomta vera ferdig opparbeidd i tråd med teknisk plan.
- § 9.6 Før iverksetting av tiltak som ligg innanfor føresegnområde #10\_1 med automatisk freda kulturminne (id. 298397) i medhald av godkjent reguleringsplan, må det føreliggja godkjent dispensasjon frå Vestland fylkeskommune. Arealet er bandlagd etter kulturminnelova fram til dispensasjon er gjeve.